



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Rune Johan Mikkelsen, 5557 2181

Vår dato
23.02.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/2444
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Tilskot til skogkultur i Hordaland 2016

Fylkesmannen har fordelt tilskot til skogkultur - *Nærings og miljøtiltak i skogbruket* (NMSK) for 2016, jf. *Belastningsfullmakt* av 18.12.15 frå Landbruksdirektoratet.

I tråd med *Belastningsfullmakt 2016* frå Landbruksdirektoratet er budsjettet 1,5 mill. Fylkesmannen må kvart år fordele midlane til kommunane. Fordelinga skjer på grunnlag av avverka volum i 2015.

Tilskotssatsar

Satsane for tilskot vert fastsett av kommunane og elektronisk registrert i *Økonomisystemet for Skogordningene* (ØKS). Tilskot til skogkultur har i snitt vore på over 60 % i Hordaland. I Noreg (inklusive Vestlandet) har tilskot i snitt vore på 16 % til skogkultur. Årsaka til sær høge satsar på Vestlandet har samanheng med tida der skogreising på nye areal vart eit viktig mål og dei færraste skogeigarane hadde moglegheit til å sette av skogfond. I dag vert denne skogen hogd og skogeigarane må sette av skogfond.

I dei siste 3-5 åra har midlane vore brukt opp før alle søknadene har vore handsama i kommunane. Ein stor del søknader har vore handsama etter årsskifte og lasta nytt årsbudsjett. I lys av auka hogstareal kvart år og uendra budsjetttramme, tilrådde Fylkesmannen for 2014 og 2015 at kommunane reduserte satsane for tilskot. Mest tilskot vert utbetalt til *planting etter hogst*, og sær få midlar til ungskogpleie eller planting på nye areal. Dei fleste kommunane reduserte frå 50 % til 30 % tilskot for planting etter hogst. Likevel vart det i 2015 ikkje nok midlar – tross fleire ekstra tildelte midlar frå Landbruksdirektoratet. Om lag 900 000 kr er allereie brukt av budsjettet for 2016 til tiltak utført i 2015.

Vi har i dag att 600 000 kr som tilskot til fordeling mellom kommunane. Fylkesmannen har sendt Landbruksdirektoratet søknad om meir midlar til fordeling. Om det vert tildelt meir midlar til Hordaland er førebels ukjent. Samanlikna med nabofylka på Vestlandet har Hordaland lågare tilskotssatsar og høgare aktivitet i høve tildelt budsjett. Ein ventar at Landbruksdirektoratet tek dette til vurdering i vår søknad om meir midlar. Kommunane i Hordaland er i gong med å redusere tilskot til planting etter hogst, men det vert trong for midlar i ein overgangsperiode – særleg i lys av årleg auka hogd areal med plikt til forynging.

Kommunane må fastsette %-satsar og halde seg innanfor tildelt budsjett – i høve venta aktivitet i 2016. Vi oppmodar kommunane til å prioritere tilskot til ungskogpleie.

Skogfond

Skogfondordninga i Hordaland har i dag ca. 30 mill. kr inneståande. Skogfond er utover tilskotsbruk ein viktig finansieringskjelde for skogkultur. Denne ordninga med skaffefordel er ei sær s lønsam ordning for skogeigaren og bør nyttast i større grad. I samband med planlegging av hogst vil det framover vere sær s viktig å avsetje *tilstrekkeleg* skogfond. I praksis vert ofte lågaste sats (4 %) satt av. Lågaste sats vil ikkje vere nok til å finansiere framtidig skogkulturbehov på hogstarealet. Truleg er minst 10-15 % skogfond naudsynt.

Fylkesmannen vil nok ein gong oppmode kommunane og tømmerkjøparane om at skogeigarane sett av skogfond som tek høgde for framtidig investeringsbehov.

Fylkesmannen ber om melding frå alle kommunar om tilskotssatsar i 2016 før registrering i ØKS. **Frist 1. april 2016.**

Fordeling av NMSK 2016

Kommune	Tildeling 2016	Kommune	Tildeling 2016
Bergen	69 000	Granvin	6 000
Sveio	5 500	Voss	65 000
Stord	38 000	Kvam	14 000
Tysnes	40 000	Fusa	41 000
Kvinnherad	89 000	Samnanger	0
Ullensvang	31 500	Os	8 000
Ulvik	34 500	Askøy	5 000
Vaksdal	2 000	Modalen	0
Meland	23 000	Lindås	33 000
Odda	0	Etne	28 000
Bømlo	17 000	Fitjar	2 000
Austevoll	4 000	Sund	0
Fjell	0	Øygarden	0
Fedje	0	Radøy	23 000
Masfjorden	0	Jondal	0
Eidfjord	0	Austrheim	4 000
Osterøy	17 500		

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Rune Johan Mikkelsen
Fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Adresseliste:

Granvin herad	Postboks 13	5733	Granvin
Jondal kommune	Kommunehuset	5627	Jondal
Modalen kommune	Postboks 44	5729	Modalen
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	Lonevåg
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	Storebø
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	Bergen
Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
Os kommune	Postboks 84	5202	Os
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	Fedje
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Fjell kommune	Postboks 184	5342	Straume
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	Tysse
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	Ulvik
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgate 16	5722	Dalekvam
Voss kommune	Postboks 145	5701	Voss
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	Austrheim
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	Fitjar
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	Norheimsund
Stord kommune	Postboks 304	5402	Stord
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Askøy kommune	Postboks 323	5323	KLEPPESTØ
Fusa kommune	Postboks 24	5649	Eikelandsosen
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Sund kommune	Postboks 23	5371	Skogsvåg
Sveio kommune	Postboks 40	5559	Sveio
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	Kinsarvik
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	Eidfjord
Etne kommune	Postboks 54	5591	ETNE
Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 Dep	0033	OSLO
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	Odda
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	Uggdal

Kopi:

Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 Dep	0033	OSLO
Vestskog SA			
Nortømmer AS			